



Tor Arne Sandvik
Haraldseidvågen 289
5574 SKJOLD

Kontakt saksbehandler
Susanne Eltervaag, 51568903

Svar på søknad - Tiltak i sjø - Vindafjord 162/6 - mudring peling - Tor Arne Sandvik

Statsforvaltaren i Rogaland gjev Tor Arne Sandvik løyve etter forureiningslova § 11 jf. § 16 på visse vilkår til tiltak i sjø ved eigedom 162/6 i Vindafjord kommune. Løyvet gjeld mudring frå lekter av 50 m³ massar, over eit sjøbotnsareal på 80 m².

Vilkår er gjeve på sidene 6-7.

Statsforvaltaren skal ha melding om oppstart og ferdigstilling av arbeida i sjø.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker.

Me varslar gebyr for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til søknad av 31.09.2023 om mudring og peling i sjø på eigendom med gnr./bnr. 162/6 i Haraldseidvågen i Vindafjord kommune.

Søknad

Tor Arne Sandvik søker om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø. I søknaden er det vedlagt

- utfylt søknadsskjema
- skisser av tiltaket.


Beskriving av arbeida

Tiltaket gjeld mudring frå lekter og peling i sjø, der føremålet er å nyttiggjere eigen båtplass.

Beskriving av tiltaksområdet

Sjøbotnen består i følgje søker av leire og stein. Det skal mudrast omtrent 50 m³ massar frå på eit areal på ca. 80 m² i sjøen i Haraldseidvågen (**Figur 1**).

Djupn er 1-2 m, og det skal mudrast inntil 0,5 m.



Figur 1 – Skisse tiltaksområdet. Figur er henta frå søknaden.



Mellombels arbeid

Det skal rammast 3 pelar i grunnen, som skal nyttast som forandringsfest for båt.

Varigheit

Arbeida planleggast utført snarast og vil ta nokre dagar.

Avbøtande tiltak

Søker er ikkje kjent med at tiltaket vil kome i konflikt med natur- eller fiskeriinteresser, kommunal sjøleing eller kulturminne i sjø, og har på denne bakgrunn heller ikkje foreslått avbøtande tiltak.

Tilgrensande eigendomar

Tiltaket vil ifølge søknaden kunne påverke eigedom med gnr./bnr. 162/6. Søker er sjølv eiger av denne tomta, og nabovarsel var difor ikkje nødvendig.

Forhåndsvarlig av søknaden

I samsvar med forureiningsforskrifta § 36-7 vart søknaden førehandsvarsla i perioden 12.09.2023-10.10.2023. Statsforvaltaren har motteke tre (3) uttaler frå Stavanger Maritime Museum, Fiskeridirektoratet, Vindafjord kommune. Uttaler og kommentarar til uttaler er oppsummert i det følgjande.

Stavanger Maritime museum

Stavanger maritime museum kjenner ikkje til skipsfunn eller automatisk freda kulturminne som blir påverka av tiltaket. Dei vurderer at det ikkje er nødvendig å gjennomføre ei arkeologisk registrering.

Kulturminnemyndigheita har ikkje har merknad til søknaden, men gjer merksam på stanse- og meldeplikta gjeld.

Vindafjord kommune

Kommune er ikkje kjend med spesielle forhold eller førekomstar på plassen som skulle vere av betydning for gjennomføring av muddringa. Elles har kommunen ei merknad til plassering av eksisterande molo, som ikkje er i samsvar med reguleringsplan. Kommunen skriv at dette er tatt opp med tiltakshavar, med sikte på å gjera ei mindre endring av planen

Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet viser til Statsforvaltaren sine merknader i førehandsvarselet og støtter desse.

Uttale frå søkjar

Etter forvaltningslova § 16 har partane i ei sak rett til å uttale seg før vedtak fattast. Søker har fått moglegheit til å kommentere uttalane. Søker har på telefon den 13.10.2023 gitt ei tilbakemelding på forhold som gjeld reguleringsplanendring og eksisterande molo. Søker har ikkje merknader til dei andre uttala.

Statsforvaltaren sine kommentarar til innkomne høyringsuttalar

Statsforvaltaren har ingen særskilde kommentarar til innkomne uttaler, og viser til våre vurderingar og fastsette vilkår i løyvet.



Planforhold

Forureinings spørsmål skal om mogleg søkast løyst for større område og på grunnlag av oversiktsplanar og reguleringsplanar, jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd.

Tiltaket inngår delvis i *detaljregulering for naustområde Bakk, Haraldseidvågen* (PlanID 1160-13-05). Forhandsvarsel sendast difor til Vindafjord kommune. Kommunen har i sin uttale kommentert forhold som gjeld eksisterande molo, men hadde ingen merknader til arbeida som vart søkt om. Statsforvaltaren reknar tiltaket som avklart med plan.

Kulturminne i sjø

Tiltak i sjø vert ofte utført i område med potensiale for funn av kulturminne, og det er fare ved utføring av tiltaket at kulturminne vert dekt til eller øydelagde. Det er, ifølgje søknad, ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. Kulturminnemyndigheit hadde heller ingen merknader til søknaden.

Stanse og meldeplikta gjeld i dei tilfelle kvar det vert oppdaga kulturhistorisk materiale som kan være vernet eller freda jf. lov om kulturminne §§ 8 og 14. Tiltakshavar plikter å underrette dei som skal utføre arbeida om dette, men står òg sjølv ansvarleg for at det blir overhaltdt.

Kunnskapsgrunnlag

Ei sak skal vere så godt opplyst som mogeleg før vedtak treffest, jf. forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forureiningsforskrifta § 36-2.

Vassførekomsten

Tiltaket i Haraldseidvågen inngår i vassførekomsten *Ålfjorden*¹ som er klassifisert som *beskytta kyst/fjord* i Vann-nett. Den økologiske tilstanden er *god* og kjemisk tilstand er *dårleg*. Vassførekomsten er påverka i *liten grad* av diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett og punktutslepp frå søppelfyllingar.

Naturmangfald

Det er modellert ålegras ved Litløyna ca. 150-200 m frå tiltaksområdet. Det er ikkje observert raudlisteartar eller gytefelt for fisk nær tiltaksområdet.

Forureining

Forureina sedimenter

Mudring og peling i sjø kan medføre ei fare for oppvirvling av forureining og finstoff frå sjøbotnsedimenta. Søker skriv at dei ikkje er kjende med at tiltaksområdet er forureina.

Rettsleg grunnlag

Statsforvaltaren vil ut frå dei opplysningar som er gjeve behandle søknaden etter forureiningslova § 7, jf. § 8. Det vil sei at tiltakshavar har ei plikt til å unngå forureining med mindre denne kan reknast som «vanlig», og dermed ikkje vil forårsake nemneverdig skade eller ulempe. Vurderer me at forureininga kan føre til nemneverdige skader/ulemper, vil me vurdere løyve etter forureiningslova §§ 11 og 16.

¹ Vann-nett: Ålfjorden (0260020100-C). <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0260020100-C>



Myndighet for behandling etter forureiningslova

Statsforvaltaren er gjennom forureiningsforskrifta kapittel 22 og rundskriv T-3/12 delegert myndighet ved mudring i sjø og vassdrag, når tiltaket skjer frå skip og land².

Peling reknast som mellombels arbeid og er normalt tillat utan særskilt løyve frå Statsforvalteren.

Bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT)

Våre vurderingar og krav er basert på prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT), jf. forureiningslova § 2 nr. 3 og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder.

Naturmangfaldlova

Ifølge naturmangfaldlova skal avgjerder grunngjevast ut ifrå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Avgjerder skal vere basert på vitskapeleg kunnskap, men dersom dette ikkje finst, skal avgjerder vere basert på «føre-var-prinsippet». Naturmangfaldet gjeld arter si bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, og effekt av påverknad. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskriftas § 4 om miljømål set krav om at tilstanden i vatnet skal beskyttast mot svekking, forbetrast og gjenopprettes med sikte på at vassførekomsten skal ha minst god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand, jf. forskriftas klassifisering. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føre til ei forverring. Miljømåla skal nås, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren har i saka vurdert forureinings spørsmål knytt til gjennomføring av tiltaket.

Vassforskrifta

I Statsforvaltaren si vurdering av om nytt tiltak kan skje utan at dette medfører risiko for forverring av tilstanden i vassførekomsten, jf. vassforskrifta §§ 4 og 12. Me vurderer at det er liten risiko for at gjennomføring av tiltaket vil forverre vassførekomsten som heilheit. I vår vurdering har me lagt til grunn at tiltaket vil vere avgrensa i omfang og varigheit, og at vassforskrifta difor ikkje er til hinder for å gi løyve til tiltaket.

Naturmangfald

Statsforvaltaren har vurdert om naturverdiar og sårbare arter blir negativt påverka av tiltaket jf. naturmangfaldlova. Naturmangfaldlova seier at desse skal beskyttast, ikkje berre for deira eigenverdi, men også for den økologiske funksjonen desse har.

Mudring, peling og bruk av lekter vil medføre ein del partikkelspreiing som kan dekke over vegetasjon i sjøen. Slike førekomsttar er derimot ikkje bekrefta i felt. Statsforvaltaren vurderer at konsekvensen for naturmangfaldet på bakgrunn av tiltakets omfang og varigheit og gjennomføring i tråd med vilkår i løyvet vil vere avgrensa og midlertidig.

² Rundskriv T-3/12 om myndighet etter forurensningsloven



Aktuelle forureinings parameter

Arbeid mudring og peling kan føre til spreining av finstoff og forureina sediment. Det kan òg auke partikkelkonsentrasjonar i aktuell vassførekomst. Vidare kan støy og ristingar virke forstyrrande på nærliggande naturverdiar og fisk.

Spreiing av finstoff og forureina sediment

Mudring i sjø kan føre til oppvirvling og spreining av forureina sediment og finstoff. Dette kan ha ei negativ påverking på det marine miljøet. Det er risiko for at finstoff slammar til nærliggande natur.

Bruk av partikkelbarriere

Partikkelspreiing kan avgrensast av ei partikkelbarriere, til dømes silt- eller boblegardin. Søker har ikkje foreslått avbøtande tiltak i søknaden. Statsforvaltaren har i vurdering om det skal setjast vilkår om partikkelreducerande tiltak lagt til grunn at arbeida skal i følgje søknaden gjennomførast på haust og vinter, når livet i havet er relativt roleg. Tiltaket i sjø vil berre ta nokre dagar. På bakgrunn av tiltakets omfang, sett opp mot kostnader og kva ein oppnår med å sette opp ei partikkelbarriere har me konkludert med at eit slikt avbøtande tiltak i dette tilfellet ikkje er nødvendig.

Me gjer likevel merksam på at det ved uventa omfang av spreining av finstoff frå arbeida skal vurderast tiltak for å hindre negative konsekvensar på miljøet. Arbeida må da stoppa opp fram til slike tiltak er iverksett.

Utslepp av olje

Oljeforureining/-søl frå anleggsmaskiner kan skje i forbindelse med arbeidet. Tiltakshavar må sørge for at utførande entreprenør har ein beredskapsplan for å handtere eventuelle uhellsutslepp.

Støy og ristingar

Støy og ristingar frå peling, samt frå bruk av lekter og gravemaskin vil kunne vere forstyrrande for marint liv, fuglar og andre arter som oppheld seg i området. Tiltaksområdet ligg ikkje innanføre gytefelt for torsk, slik at omsyn i samband med arbeid i gyte/klekketiden (februar-mai) ikkje vert særleg aktuelt i dette tilfellet. Ein generell anbefaling med omsyn til marint liv er likevel at ein bør unngå særleg støyande arbeid i den grad det er mogleg, og at arbeid bør leggjast til vinterhalvåret når livet i havet for det meste er i ro. Når det gjeld fugl kan me ikkje sjå at det er gjort registreringar i området. Eventuelle fuglar vil antakeleg trekke lenger vekk frå området så lenge arbeidet held fram. Det er difor viktig at arbeidet gjerast så effektivt og skånsamt som mogeleg for å avgrense belastninga dette har på naturmiljøet. Fordi det berre skal rammast ned tre pelar og varigheita av andre arbeider i sjø er avgrensa, reknar me at støypåverking frå arbeida ikkje vil ha vidare innverknad på marint liv eller på fuglar som opphelder seg i området.

Handtering av overskotsmassar

Overskotsmasser frå mudring reknast som avfall, jf. forureiningslova § 27, første ledd, og skal leverast til eit lovleg avfallsanlegg eller gjenvinnes, jf. forureiningslova § 32 første ledd. Dumping er som hovudregel ikkje ei egna disponeringsløsning sjølv om det er snakk om reine masser. Om det søkast dumping, skal det opplysast om sedimenteigenskapar (kjemisk samansetning, innhald av tørrstoff osv.) og botnforhold på dumpestaden (straumforhold, sedimentprøver osv.), jf. forureiningsforskrifta § 22-6 andre ledd.



Samla miljøpåverknad

Mudring frå lekter kan gjere at partiklar og forureina botnsediment vert spreidd til naturverdiar i området. Tiltaket er tidsavgrensa og avgrensa i omfang. Risiko for svekking av naturmangfaldet i vassførekomsten er til stadet så lenge arbeidet går føre seg. Me forutset at arbeida skal skje når livet i havet er mest mogleg i ro (haust og vinter). Dette vil bidra til å avgrense og redusere påverknaden av spreiding av forureining og partiklar.

Metode

Tiltakshavar må dekkja kostnader ved å avgrensa eventuell skade på naturmiljøet som følge av tiltaket, jf. naturmangfaldslova § 11. Statsforvaltaren har gjort ei vurdering for mogelegheit for avbøtande tiltak som skal hindra negative konsekvensar på naturmiljøet som følge av arbeidet, jf. naturmangfaldslova § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar).

Tiltakshavar har ei generell plikt til å unngå forureining, jf. forureiningslova § 7, og må difor kontinuerleg føre tilsyn med at det ikkje førekjem uventa og/eller unormal forureining som følge av arbeidet.

Konklusjon

Me vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å treffe vedtak i saken, jf. naturmangfaldlova § 8. Vurdering av tiltaket etter vassforskrifta og naturmangfaldlova tilseier at området truleg ikkje blir påverka av tiltaket, fordi det er avgrensa i omfang og varigheit.

Peling i sjø anses som midlertidig anleggsvirksomhet, der vanlig forurensning er tillatt, jf. forurensningsloven § 8 første ledd pkt. 3. Når det gjeld mudring frå lekter er dette ulovleg utan særskild løyve frå Statsforvaltaren. Føremålet med vilkåra i dette løyvet er å avgrense tiltaket si påverking utover tiltaksområdet. Statsforvaltaren gir difor løyve til arbeida i sjø i samband med etablering av mudring i Haraldseidvågen på visse vilkår.

Løyvet er gjeve på bakgrunn av opplysningar oppgitt i søknaden og opplysningar framkomme under behandlinga av søknaden.

Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 gir Statsforvaltaren i Rogaland Tor Arne Sandvik løyve på visse vilkår til arbeid i sjø ved eigedom med gnr./bnr. 162/6 i Vindafjord kommune. Løyvet omfattar mudring i sjø av ca. 50 m³ massar frå lekter, over eit sjøbotnsareal på 80 m². Det vert stilt vilkår for å avgrensa eventuell forureining, og for å motverka skadar på det marine miljøet.

Vilkår

Med heimel i forureiningslova § 16 vert det stilt følgjande vilkår for løyvet. Vilkåra er nummererte for å letta den planlagde rapporteringa, særleg med tanke på avvik.

1. Tiltakshavar er ansvarleg for at løyve vert overhalda, og pliktar å orientere dei som skal gjennomføre arbeida i sjø om dei vilkår som gjeld, samt dei restriksjonar som er lagt på arbeida.
2. Tiltakshavar skal gi beskjed til Statsforvaltaren når arbeida i sjø startar.
3. Før anleggsarbeida startar, må tiltakshavar sørge for at entreprenør har etablert ein beredskapsplan som skal gjennomførast straks dersom det viser seg at arbeidet bidreg til partikkelspreiing. Denne skal sendast til Statsforvaltaren saman med oppstartsmelding.



4. Statsforvaltaren skal ha uhindra åtgang til anleggsarbeida, dokumenter mm., for å kunne føre tilsyn med aktivitetane.
5. Ved avvik frå vilkår i denne løyva eller andre uventa hendingar som gjeld ytre miljø er tiltakshavar ansvarleg for at Statsforvaltaren straks vert varsla. Avvik skal loggførast.
6. Støy frå arbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i Klima- og miljødepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2016).
7. Arbeida i sjø skal gjerast på ein måte som minimerer risiko for skade eller ulempe for det marine miljø.
8. Muddermassar skal leverast til godkjent mottak eller gjenvinnast. Dokumentasjon på levering til godkjent mottak skal leverast til Statsforvalteren i Rogaland.
9. Når arbeidet er ferdig skal tiltakshavar utarbeide ein kort rapport der alle resultatane frå arbeida vert presentert, og der ein dokumentar at vilkåra i dette løyve er oppfylt. Eventuelle avvik skal grunngjevast og dokumenterast. Rapporten skal sendast til Statsforvaltaren innan 8 veker etter avslutta arbeid.
10. Løyvet gjeld i 2 år frå klagefristens utløp.

Me vil understreke at all forureining i samband med arbeida ved mudring i Haraldseidvågen i Vindafjord kommune isolert sett er uønskt.

Brot på vilkår i ei løyve medfører straffeansvar etter forureiningslova, jf. § 78. Me gjer merksam på at dette løyve ikkje frittek for erstatningskrav for eventuelle skadar eller ulemper som følger av verksemda, jf. § 53. For å sikre at føresegn i forureiningslova eller løyvet vert overhalde, kan forureiningsmyndigheten fastsette tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73. Me gjer merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter etter anna lovgiving

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren si handsaming av søknader om løyve etter forureiningslova er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Statsforvaltaren si behandling av denne saka har medført ein ressursbruk tilsvarande **gebyrsats 8** jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyr for arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyver. Tiltakshavar skal difor betale eit gebyr på **kr. 11 200,-** for Statsforvaltaren si behandling av søknaden.

Eventuelle merknader til varselet sendes Statsforvaltaren innan 14 dagar frå mottak av dette brevet.

Klagehøve

Løyvet kan klages på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå melding om vedtaket er mottatt. Ei eventuell, grunna klage stiles til Miljødirektoratet, og sendes Statsforvaltaren i Rogaland.



Med hilsen

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Susanne Eltervaag
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vindafjord kommune
Fiskeridirektoratet, region sør
Sør-Norges Fiskarlag
Rogaland fylkeskommune
Museum Stavanger

Rådhusplassen 1
Postboks 185 sentrum
Postboks 936
Postboks 130
Muségata 16

5580 Ølen
5804 Bergen
6001 ÅLESUND
4001 Stavanger
4010 STAVANGER